

SAK 02/14 ÅRSMELDING 2013

Saksopplysning

Årsmelding 2013 for Regionrådet for Hallingdal er lagt ved som eige vedlegg.


Forslag til vedtak

Hallingtinget godkjenner årsmeldinga for 2013.

Ål 27.4.2014

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg: Årsmelding 2013



ÅRSMELDING 2013



Regionrådet for
HALLINGDAL

Innheld

1.	VEDTEKTER.....	3
2.	FORMÅL	3
3.	ORGANISERING	3
4.	MØTER/SAKER	3
5.	EINSKILDE SAKER.....	4
5.1	Strategisk plan for Hallingdal	4
5.2	Hallingdal 2020.....	4
5.2.1	Generelt.....	4
5.2.2	Merkevareplattform for heile Hallingdal	5
5.2.3	Hallingtreff.....	6
5.2.4	Hallingdalskonferansen.....	6
5.2.5	Ekta Vare	6
5.2.6	Historia om Hallingdal.....	6
5.2.7	Kva skjer	7
5.2.8	Hallingambassadørar.....	7
5.3	Yrkesmessa	7
5.4	Hallingdal ungdomsråd (HUR)	8
5.5	Samferdsel.....	8
5.6	Reiselivet.....	10
5.7	Partnarskapsavtale med Buskerud fylkeskommune	10
5.8	Regionalt næringsfond	11
5.9	Skjønnmidlar til omstillingstiltak	11
5.10	Fjellregionsamarbeidet.....	11
5.11	Breiband Hallingdal	12
5.12	Rekruttering til Hallingdal	12
5.13	Lys i alle glas	13
5.14	Inn på Tunet	13
5.15	Samhandlingsreforma; Prosjekt lokalmedisinske tenester i Hallingdal	14
5.16	Vannområde Hallingdal	15
5.17	Bjørneparken Rovdyrsenter	16
5.18	Felles rettssenter og forliksråd for Hallingdal.....	16
5.19	Uttalar	16
6.	VERV.....	17
7.	PERSONELL	17
8.	ØKONOMI	18
9.	UTFORDRINGAR	18

1. VEDTEKTER

Vedtekten til Regionrådet for Hallingdal vart revidert i 2001 med handsaming på Hallingtinget 16. mars 2001 og er vedteke av alle kommunane. I sak 13/12 foreslo Hallingtinget at det vart gjort mindre justeringar av vedtekten.

2. FORMÅL

Regionrådet for Hallingdal skal vere eit samarbeids- og interesseorgan for kommunane i Hallingdal. Rådet skal arbeide for utvikling av regionen med særleg vekt på nokre prioriterte satsingsområde.

Rådet skal også vareta interessene til regionen overfor fylke, stat og andre organ på region-, fylkes- og riksplan.

3. ORGANISERING

Hallingtinget er det øvste formelle organet i Regionrådet, med 5 representantar frå kvar kommune, der den eine er ordføraren. Dei andre representantane er leiar/nestleiar av hovudutval/sektorutval og/eller medlemmer av formannskapet.

Ordførarane utgjer Regionrådet for Hallingdal.

Administrasjonssjefane i kommunane har møterett på Hallingtinget og blir kalla inn til møta med tale- og forslagsrett.

Hausten 2011 vart det valt nye representantar til Hallingtinget, for perioden 2011 – 2015.



Desse har utgjord Hallingtinget i 2013.

Hol	Ål	Gol	Hemsedal	Nes	Flå
Tony Arild Kjøl ordførar	Ivar Brevik ordførar	Hallvor Lilleslett , ordførar	Oddvar Grøthe ordførar	Tor Magnussen ordførar	Tor Egil Buøen Ordførar
Ingjerd Almås Anfinset	Torhild Helling Bergaplass	Hanne Brunborg	Helene Sagabråten	Kjell Ålien	Karsten Ekeren
Solveig Håvæit Markegård	Harald Varlid	Tom Rune Skr. Blakkestad	Olav Støyten	Endre Storhaug	Kristin Gullingsrud
Erik Kaupang	Ove Bråten	Ludvig Munkejord	Jan Egil Halbjørhus	Hildegunn Mikkelsplass	Ole Johnny Stavn
Hallvard Lilleslett	Ingeborg Kaslegard Frydenlund	Jon Anders Hefte	Marte Steimler Thorset	Geir Olav Brøto	Stian Bakken

Oddvar Grøthe er rådsordførar for perioden og Tor Egil Buøen er varaordførar

4. MØTER/SAKER


I 2013 var det 2 møte i Hallingtinget og 11 saker vart handsama. Regionrådet hadde 10 møter og handsama 56 saker.

5. EINSKILDE SAKER

Av større enkeltsaker som Regionrådet har arbeida med i 2013:

5.1 Strategisk plan for Hallingdal

I 2012 vart det arbeidd med revidering av [Strategisk plan for Hallingdal 2013 – 2016](#), som vart vedteke av Hallingtinget 26.oktober 2012. Ut frå drøftingar i Hallingtinget og Regionrådet er det i Strategisk plan fokuserast på dei fire faktorane: bukvalitet/bulyst/blilyst, arbeidsmarknad, næringsliv og kunnskapsmiljø. Hovudutfordringane er framtidig arbeidskraft og nye arbeidsplassar, der det blir ei spissing på bukvalitet/bulyst/blilyst. Retninga samsvarar svært godt med prosjektet Hallingdal 2020



5.2 Hallingdal 2020

5.2.1 Generelt

I mange samanhengar og i mange fora blir det drøfta og etterlyst felles strategiar og felles handlingar, for at Hallingdal skal møte framtida på best mogeleg måte. Dette er og tema som er sentrale i Strategisk plan for Hallingdal, og som Regionrådet for Hallingdal har høgt på dagsorden direkte og indirekte. Eit viktig tema har vore avklaringar og ynskje om ei sterkare og tydelegare profilering av Hallingdal som region. Dette blir sett på som grunnleggjande for det arbeidet Hallingdal sjølv må gjera, for utvikling av eigen region.

Strategisk plan for Hallingdal har m.a. som mål at kommunane i Hallingdal skal gjera kvarandre gode, med tiltak som m.a. går på vidareutvikle profilering/identitetsbygging.

Bakgrunnen for dette er m.a.:

- Felles bu- og arbeidsmarknadsregion
- Felles kultur/identitet
- Felles utfordringar
- Felles bodskap
- Kan tilby større variasjon, breidde
- Felles plan (Strategisk plan for Hallingdal)
- Meir slagkraftig
- Ei stadig sterkare konkurranse på alle frontar
 - Kamp om arbeidskrafta
 - Kamp om arbeidsplassar
 - Kamp om innbyggjarane
- Ynskje om å vera tydelegare
- Ynskje om å byggje eit godt omdøme

Ut frå dette tok Regionrådet for Hallingdal initiativ til eit større samla prosjekt med tittelen "Hallingdal 2020". Regionrådet søkte om nasjonale bulystmidlar, og fekk full utteljing med eit tilskot på. 3.050.000.

Hausten 2012 vedtok Regionrådet å setja i gang eit 3-årig prosjekt, med Hallingdal 2020 som eit regionalt utviklingsprosjekt som skal vera med å vidareutvikle Hallingdal som ein bærekraftig bu- og arbeidsmarknadsregion.

Hallingdal er ein felles bo- og arbeidsmarkedsregion, der det m.a. gjennom prosjektet Hallingdal 2020 er et mål å tydeliggjøre og styrke Hallingdal sin posisjon, også som hovedferdselsåre og møteplass mellom Østlandet og Vestlandet. Hallingdal er også Norges største reiselivsregion. Dette gjør at vi må legge til rette for både egen arbeidskraft, arbeidsplasser befolkning og de som besøker oss. Hallingdal 2020 handlar mykje om å skapa ein regionkultur. Denne kulturen skal hjelpe oss til å jobbe spissa mot definerte målgrupper for å klare å tiltrekke oss unge menneske som vil bu og arbeide i regionen.

Hovudretningar i prosjektet:

- Hallingdal tek ein posisjon – møteplassen mellom aust og vest
- Målgrupper i forhold til rekruttering:
 - Ung Halling 15-25 år
 - Hyttefolk
 - Kvinne 28 år
- Verdiar – fri og frisk

5.2.2 Merkevareplattform for heile Hallingdal

I 2013 har det vore ein omfattande prosess for at Hallingdal skulle få ei felles merkevareplattform. Arbeidet har skjedd i samarbeid mellom Regionrådet for Hallingdal og Visit Hallingdal (tidlegare Hallingdal Reiseliv).



HALLINGDAL

Målsettinga for satsinga er m.a.:

- Styrke vår felles identitet gjennom ein tydeleg profil.
- Samordne merkevarebygging av regionen slik at Hallingdal blir så attraktiv og tydeleg som mogeleg i sin kommunikasjon.
- Styrke regionen som bu- og arbeidsmarknad, samtidig gi reiselivet og næringslivet i Hallingdal ein felles profil.
- Merkevareplattforma skal vera til bruk både for reiselivet, små og store næringsinteresser, lag og foreiningar og offentlege verksemder i heile regionen.
- Oppnå ein vekselverknad mellom Hallingen sin identitet og kvalitet på produkt og tenester, frå og i Hallingdal. Dette vil i sin tur styrke merkevara og gjera den truerdig, i tillegg styrke heile regionen sitt omdømme.

Arbeidet med merkevareplattforma for Hallingdal er gjort i samarbeid med Innovasjon Norge. Kreator Kommunikasjon har vore engasjert som fagleg ressurs og utviklar. Under heile prosessen har det vore brei involvering og forankring.

Den nye merkevareplattforma vart presentert for Regionrådet for Hallingdal 29. november og vart godt motteke. Lansering av vår nye profil og merkevareplattform fant sted 18. desember i Ål kulturhus. I det vidare arbeidet blir det utarbeida ei profilhandbok og ein plan for implementering.



5.2.3 Hallingt treff

6. mai 2013 reiste en delegasjon frå Hallingdal til Oslo for å treffe unge menneske som vurdera å flytte til Hallingdal. Målet med treffet var å gi dei som vurderte flytting m.a. oversiktleg informasjon om bustad- og arbeidsmarknad, konkrete kontaktpunkt og hjelpe til å gjera terskelen for å flytte litt lågare.



5.2.4 Hallingdalskonferansen

Konferansen vart arrangert for fyrste gong i mai 2013 og vart eit vellykka arrangement. HallingExpo er initiativtakar og Regionrådet for Hallingdal ser at konferansen støtter opp under satsingane i Strategisk plan for Hallingdal og er derfor med i arrangementsgruppa. Målet med den årlege konferansen er å skapa ein møteplass der næringslivet i Hallingdal og det offentlege samlast, for drøfte dagsaktuelle tema og få påfyll.

5.2.5 Ekta Vare

Ekta Vare er ein felles arena for kultur og reiseliv i Hallingdal. Målet er å bidra til å skapa nye opplevelingar gjennom nye samarbeidsformer. Initiativtakar er kulturoordinator for Hallingdal og Regionrådet er med i arrangørgruppa som bidragsyter. Konferansen vart arrangert fyrste gong i september 2013 og har som mål å vera ein årleg møteplass for dei to næringane.

5.2.6 Historia om Hallingdal

I samband med grunnlovsjubileet i 2014 ynskje Regionrådet for Hallingdal å gje ut ei regionhistorie om Hallingdal. «Historia om Hallingdal», som skal vera ferdig hausten 2014. Ut frå Hallingdal si historie og som ein klart definert region er ei regionhistorie på sin plass. Med ei samla historie om Hallingdal vil me også auke forståinga for Hallingdal for komande generasjonar og for folk utanfor Hallingdal.

Kåre Olav Soljhell, som forfattar og historikar er engasjert for å skrive boka om Hallingdal.

5.2.7 Kva skjer

Hallingdal har ikkje hatt noko felles verktøy som synleggjer kva som skjer i Hallingdal. Regionrådet har teke initiativ til å etablere ein felles aktivitetskalender på nett, for heile Hallingdal. Kalenderen har fått namnet «Kva skjer» og skal innehalde alt som er å oppleve i Hallingdal. Alle kommunane er engasjert i arbeidet og ved utgangen av 2013 var grunnplattforma på plass og designet begynte å ta form. Kommunane ved servicetorga og reiselivsorganisasjonar arbeidar med å fylle kalenderen med innhald og lansering vil skje våren 2014.

5.2.8 Hallingambassadørar

Hallingdal treng ungdom, Hallingdal treng arbeidskraft, Hallingdal er avhengig av folk som vil besøke oss. Alle i Hallingdal vil kunne vera «seljarar» av regionen, men me treng større bevisstheit og motivasjon for at me faktisk er seljarar av eigen stad.

Hallingambassadørar er ungdom frå Hallingdal, som utmerkar seg innan idrett/kultur og som skapar positiv merksemd om Hallingdal, utanfor regionen. Det er ikkje nok med ein flott prestasjon, det må også koma tydeleg fram at regionseljaren er stolt over eigen stad.

Hallingambassadøren skal og vera gode førebilete for andre ungdommar. I tillegg skal utnemning til Hallingambassadør vera ei påskjønning.

I løpet av november og desember 2013 vart det signert kontraktar med 13 Hallingambassadørar. Hallingambassadørane vart lansert 27. desember 2013, i eit vellykka arrangement i Jakt og Fiskesentert på Flå.



5.3 Yrkesmessa

Hallingdal i regi av Regionrådet for Hallingdal, har arrangert yrkesmessa minst annan kvart år sidan år 2000, sist gong i januar 2012. Årets yrkesmessa vart arrangert 12 og 13.november. Yrkesmessa 2013 var eit tilbod til alle 9.klasse elevar, 10.klasse elevar, Vg1-elevar og Vg2 elevar på vidaregåande i Hallingdal, ca 1000 elevar.

Målet med yrkesmessa er å gje ei samla heilskapleg oversikt over utdanningsvegar og fagopplæringstilbod, samt yrkestilbod vi har i Hallingdal. Informere og bevisstgjere elevane om dei val dei kan, eller må gjere i forhold til sine interesser og ynskjer.

I tillegg er dette eit arrangement der ulike bedrifter og opplæringskontor møtes, noko bedriftene set pris på.

Nytt av året var at HallingExpo, i kraft av å vera ei regional næringsforening, tok på seg prosjektleiaransvaret for yrkesmessa. Mona Østdahl Gulsvik løyste oppgåva på ein utmerka måte.

5.4 Hallingdal ungdomsråd (HUR)



På Hallingtinget 28.april 2009 var eit tema ungdom, der det m.a. var ei drøfting med representantar frå dei kommunale ungdomsråda i Hallingdal. Eit av ynskja frå ungdomsråda var å få oppretta eit regionalt ungdomsråd, noko Hallingtinget ytra seg positivt til. I sak 44/09 gjorde Regionrådet vedtak om å støtte opprettinga av Hallingdal Ungdomsråd (HUR). Regionrådet rådde og til at rådet sitt årlege budsjett blir styrka med eit årleg beløp til drift av HUR, noko som no er ein del av budsjettet til Regionrådet.

HUR har synt seg som eit svært aktivt råd og det blir helde årleg møte med Regionrådet. I tillegg er HUR et viktig organ for Hallingdal 2020 i arbeidet med rekruttering og profilering.

Som eit synleg teikn på Hallingdal Ungdomsråd sin status gav russeoverskotet frå årets russerevy til HUR, totalt kr. 100.274,- Pengane skal gå til det viktige og synlege arbeidet HUR gjer innan trafikktryggleik i Hallingdal.

5.5 Samferdsel

Generelt

Samferdsel har vore og er framleis ei prioritert oppgåve.

Arbeid som har kravd mykje ressursar har i fyrste rekke vore i forhold til arbeidet med oppfølging av Nasjonal Transportplan og prosess i forhold til NTP 2013 – 2024, som vart vedteken i Stortinget juni 2013. I dette arbeidet har hovudvegane gjennom Hallingdal og Bergensbanen vore viktige tema.

Regionrådet arbeidar aktivt for å få fram Hallingdal sine synspunkt i samband med samferdsel. I tillegg er interesseorganisasjonane IS Rv7 og Forum Nye Bergensbanen viktige pådrivarar.

Sokna - Ørgenvika

Innkortinga Sokna - Ørgenvika har vore det enkeltprosjektet som Regionrådet for Hallingdal har brukt mest ressursar på dei siste åra. Byggestart var i 2011 og etter planen skal ny veg være klar til opning 6. juni 2014.



Vegpakke Hallingdal, strekninga Ørgenvika – Gol

Det er svært positivt at Ramsrudhellingane er ferdig utbygd og Sokna –Ørgenvika no blir realisert. Men det vil vera halvavgjort arbeid, dersom det ikkje blir lagt til rette for ei utvikling av resten av Rv7. Som det desidert mest trafikkerte aust-vest sambandet vil det i fyrste omgang vera rett å prioritere Ørgenvika – Gol, og då som eit prosjekt (Vegpakke Hallingdal). For å oppnå ein meir heilskapleg og høgare standard, bør lengre strekningar vurderast i samanheng, og utbetringane bør planleggas og utførast under eitt.

Forvaltningsplan Rv7/Rv52 (november 2008) som er utarbeida av Statens vegvesen har på ein svært grundig måte analysert Rv7/Rv52 i forhold til vegstandard og konsekvensar ved ei forventa trafikkauke. I planen blir det m.a. sagt at ut frå ein forventa mykje større trafikkvekst enn det som er lagt til grunn i transportetataanes planforslag, vil Rv7/Rv52 kunne oppleva ein negativ trafikktryggleiksutvikling og trafikkavvikling.

Ny veg Rv.52 Gol – Robru

Stort sett har heile den ca. 8 km lange strekninga mellom Gol og Robru har svært dårlig standard. Det er nødvendig å bygge ny veg på denne strekninga både av omsyn til vegstandard og framføring, og av omsyn til utvikling av Gol sentrum.

Betra regularitet for Rv7 over Hardangervidda

Rv7 over Hardangervidda og vinterbrøyting på strekninga Haugastøl til Sysendalen har det vore diskusjonar om i mange år. Problemstillingane har vore ut frå to tilnærmingar:

- Regularitet, behov for vinteropen veg
- Villrein

Regional plan for Hardangervidda for 2011-2025, vart vedteken av dei tre fylkeskommunane Telemark, Hordaland og Buskerud hausten 2011, og MD meddelte i brev datert 16. juli 2012 at dei tek planen til orientering.

I for hold til Rv7 står det m.a: «*Rv 7 er etablert som en samfunnsmessig viktig vinteråpen veg over Hardangervidda.*

Arbeidet med planlegging av miljøtunneler og høyfellsprofiler på strategiske steder på traséen skal videreføres, samtidig som Hardangerviddatunnelen som et nytt alternativ utredes. Begge løsninger vil sikre villreintrekk til alle årstider og forbedre sikkerhet og framkommelighet for trafikkantene. Valg av løsning og realisering bør skje snarest mulig.»

«En viktig oppfølgingsoppgave av det regionale planarbeidet er å være pådriver for videreføring av arbeidet med utbedring av Rv 7 med sikte på trafikkmessig sikrere vintervei og bedre kryssingsmuligheter for villreinen. Tunneler (inklusiv nytt alternativ med lang tunnel) og høyfellsprofil på traseen er viktige tiltak.»

Ut frå det som er sagt tidlegare frå regjering/storting og at dei tre fylkeskommunane har kvittert ut med ein samstemt fylkesdelplan må det forventast at det no blir sett i gang ein KVU-prosess, eit tiltak som og er lagt inn i vedteken NTP 2013 – 2024.

Bergensbanen

Det er eit mål at reisetida med Bergensbanen Oslo – Bergen, må reduserast frå 6 t og 30 min. til maks. 4t og 15 min. De viktigaste og heilt avgjerande tiltaket er realisering av Ringeriksbanen.

Ringeriksbanen er eit viktig element i togsystemet i heile Austlandsområdet. For kommunikasjon mellom Norges to største byar og for utvikling av Ringeriksregionen er

Ringeriksbanen eit grunnleggjande element. For Hallingdal vil ein 20-årig lovnad med bygging av Ringeriksbanen vera av svært stor betydning.

Ut frå både trafikktryggleik og eit miljø- og samfunnsøkonomisk perspektiv må det snarast leggast til rette for auka godstransport med Bergensbanen, mellom Oslo – Bergen.

For å få ei oppgradering og utvikling av Bergensbanen med m.a. bygging av Ringeriksbanen, er det nødvendig med ei sterk og kontinuerleg påverking.

I samband med Stortinget si handsaminga av NTP 2014 – 2023 fekk Ringeriksbanen eit skikkeleg lyft, der det blir sagt tydeleg at Ringeriksbanen mellom Sandvika og Hønefoss skal byggast. Det skal vurderast utbyggingsalternativ med dobbeltspor og hastigheitsstandard 250 km/t. Fleirtalet på Stortinget har sagt at det er eit mål at Ringeriksbanen skal ha byggestart tidlig i siste seksårs-periode av NTP 2014 – 2023, noko som betyr byggestart i 2018 eller 2019.

Forum Nye Bergensbanen gjer her ein god innsats, som det er viktig at Hallingdal støttar og følgjer opp.

Andre moment

Andre viktige spørsmål innan samferdsel som det har vore arbeidd med er m.a.:

- Synleggjera konsekvensane med auken i trafikk på hovudvegane gjennom Hallingdal
- Utbetringar og heving av vegstandard.
- Regionrådskontoret har sekretariatsfunksjonen for Interesseselskapet IS Rv7.

5.6 Reiselivet

Turistnæringa er ei av dei viktigaste næringane i Hallingdal, og er eit satsingsområde for alle kommunane i regionen. Ut frå dette er og turitnæringa eit prioritert innsatsområde for Regionrådet for Hallingdal. Det blir løyvd midlar til ulike tiltak og det blir støtta opp om Hallingdal Reiseliv sin prosess for å avklare det framtidige reiselivssamarbeidet i Hallingdal, der intensjonane er å forsterke reiselivssamarbeidet i Hallingdal.

Regionrådet for Hallingdal ser alvorleg på at store delar av distriktsreiselivet har opplevd nedgang i besøk og slit økonomisk. For å betre rammevilkåra for næringa blir det arbeidd på ulike felt, som t.d. for å betra kommunikasjon og få redusert arbeidsgjevaravgifta.

5.7 Partnarskapsavtale med Buskerud fylkeskommune

Frå 2004 har det vore ei eigen partnarskapsavtale mellom Regionrådet og Buskerud fylkeskommune. Føremålet med avtala er å bidra til ei utvikling av regionen i eit bærekraftig perspektiv med utgangspunkt i fylkesplanen sine målsettingar. Avtala plikter partane gjensidig til å delta i arbeidet med fylkesplanen sitt handlingsprogram og følgje opp prioriterte samarbeidsområde gjennom årlege gjennomføringsavtaler, konkrete tiltak/prosjekter og finansiering av desse.

I samband med dette arbeidet er Buskerud fylkeskommune representert med sine regionkontaktar Anne Sandum (Ap) og Tom Hauger (FrP).

Regionkontaktane deltek først og fremst på dei møta i Regionrådet der det er saker som har relevans i forhold til partnarskapsavtala.

I Partnarskapsavtala er det føresett at konkrete tiltak/prosjekt skal følgje opp satsingsområda i Regional Planstrategi for Buskerud. I tillegg skal tiltak/prosjekt også vera forankra i Strategisk Plan for Hallingdal med årlege handlingsprogram. Buskerud fylkeskommune evaluerte i 2012 ordninga med partnarskapsavtalar. I 2014 vil det bli teke stilling til vidareføring og eventuelle justeringar.

For 2013 løyvde Buskerud fylkeskommune kr. 2.470.000 til gjennomføringsavtala. Restsum frå tidlegare år og attendeført frå tidlegare løyvingar på kr. 1.241.362 er overført til 2013. Det er løyvd midlar til følgjande tiltak:

Yrkesmessa	365.000
Hallingdal Reiseliv	700.000
Hallingdal Etablerersenter	250.000
Ungt Entreprenørskap	615.000
Hallingdal opplæringskontor	250.000
Ekta Vare	<u>60.000</u>
SUM	<u>2.240.000</u>

5.8 Regionalt næringsfond

Det er bygd opp midlar i eit regionalt næringsfond, som har fått statlege midlar i 2006 -2008 og 2010 – 2013. Ubrukte midlar pr. 31.12.2013 er kr. 6.791.000.

I økonomiplan 2014 – 2017 er det føresett å nytte 2 mill. årleg frå regionalt næringsfond (under føresetnad vidare løyvingar), for å medverke til gjennomføring av vedteken Strategisk plan for Hallingdal, 2013 – 2016.

5.9 Skjønnmidlar til omstillingstiltak

Også for 2013 vart det søkt om skjønnsmidlar til omstillingstiltak i Hallingdal, ut frå Fylkesmannen i Buskerud sitt omstillingsprogram.

Det vart løyvd midlar til følgjande tiltak:

- Felles løft for tidlig innsats: kr. 350.000 (vidareføring)
- Prosjektarbeid for lokalmedisinske tenester i Hallingdal kr. 175.000
- Fornying og effektivisering av serverpark og IKT-tenester kr. 175.000

5.10 Fjellregionsamarbeidet

Fjellregionsamarbeidet er eit regionalpolitisk samarbeidsnettverk for kommunar, regionråd og fylkeskommunar i Sør-Norge, der fjellområda er ein viktig del av ressursgrunnlaget og føresetnadane for næringstilpassing, kultur og livsvilkår.

Medlemmer er fjellkommunar/regionråd og fylkeskommunar i Hedmark, Buskerud, Oppland, Sogn- og Fjordane og Telemark.

Måla og arbeidsområda for Fjellregionsamarbeidet er:

- Vera pådrivar for å skapa ein ny fjellpolitikk i Norge og medspelar i norsk regionalpolitikk.
- Kunnskapsformidling om nasjonale og internasjonale tema
- Politikkutforming internasjonalt og deltaking i Euromontana

Fjellregionsamarbeidet har vore pådrivar for ei ekstra nasjonal satsing for fjellområda. I statsbudsjettet for 2013 vart det sett av 10 mill. kroner. Regjeringa legg opp til ei satsing over

fem år for å styrkje grunnlaget for næringsutvikling og verdiskaping i fjellområda. Midlane skal nyttast til innsats på tvers av fylkeskommunane og bidra til nettverksbygging, auka kompetanse og innovasjon i fjellområda. Innrettinga vil bli avklara i dialog med aktuelle fylkeskommunar og nasjonal aktørar.

Sjå meir her: <http://www.fjellregionsamarbeidet.no>

5.11 Breiband Hallingdal

Dei siste åra er det investert mykje i breibandutbygging i Hallingdal, der Hallingdal Kraftnett har stått for store delar av utbygginga, og har til no brukt ca. 80 mill. kroner. I eit samarbeid med Regionrådet for Hallingdal har utbygginga utløyst i underkant av 10 mill. kroner i statlege og fylkeskommunale løyingar. Utbygging av hovudnettet i Hallingdal er for det meste gjennomført. Alle Telenor sine sentralar i Hallingdal er bygd ut for å kunne levebreibandskapasitet. Det har også vorte gjennomført store prosjekt for å sikre/betre konkurransen i ulike område, til det beste for forbrukar/kunde. Det er gjennom prosjektet avdekka utfordringar og manglar i Telenor sitt koparnett, som det på ulike måtar blitt prøvd løyst.

Sjølv om Hallingdal no har rimeleg god breibanddekning er det rimeleg klart at framtidige behov og utviklinga i marknaden, vil krevja langt høgare kapasitetar i framtida.

Regjeringa har allereie starta drøftingane om eit ”superbreiband” som har som målsetting at skal vera på plass i 2015. Også ved ei vidare utbygging er det grunn til å tru at det må til eit spleislag mellom stat, regionale aktørar og kommunar, der marknaden ikkje er drivkraft nok for utbyggingane. Hallingdal Kraftnett er i gang med vurderingar for å sjå på aktuelle måtar for å sikre Hallingdal best mogleg breibandstilbod, også i framtida.

Hallingdal Kraftnett sitt engasjement med breibandutbygging er utan tvil til stor nytte for Hallingdal, ut frå m.a. følgjande:

- Ingen andre hadde teke ansvar for utbygging av hovudnett i mange av våre dalføre
- Me har fått god kapasitet til like prisar i heile Hallingdal og konkurransedyktige med det sentrale Austlandet
- Me har ei leverandøravhengig plattform
- Me oppnår stordriftsfordelar og samordningsgevinstar som kan utviklast vidare
- Me har lokal styring
- Vil kunne gje Hallingdal konkurransefortrinn
- Har vore med og trygge og stimulere til lokale arbeidsplassar
- Engasjementet har utløyst ca. 9 – 10 mill. statlege/fylkeskommunale kroner
- Ei god plattform for det interkommunale IKT-samarbeidet i Hallingdal

5.12 Rekruttering til Hallingdal

Hallingdal har store utfordingar i forhold til å sikre stabil arbeidskraft og er ein av regionane i landet som har størst etterspørsel etter arbeidskraft og lågast arbeidsløyse. Det er til dels store vanskar med å rekruttere arbeidskraft med fagutdanning og utdanning på høgare nivå. Dette er ein trussel i forhold til både dei offentlege tenestene og utviklinga av næringslivet.

For å møte desse utfordringane blir det arbeidd med løysingar på tvers av kommunegrensene og styrking av samarbeidet både i privat og offentleg sektor. I denne samanheng er satsing på ungdom ein av dei viktigaste strategiane. Partnarskapsavtale med Buskerud fylkeskommune legg vekt på desse forholda.

Regionrådet har rekruttering til Hallingdal som et prioritert arbeidsområde. I denne samanheng er det fleire tiltak/prosjekt som støttar opp om ei slik satsing, som:

- Ungt Entreprenørskap
- Yrkesmessa
- Lys i alle glas
- Eige tilflyttungsprosjekt
- Hallingdal 2020
- Hallingdal Ungdomsråd

I [Strategisk plan for Hallingdal 2013 – 2016](#) er eit av hovudsatsingsområda rekruttering.

5.13 Lys i alle glas

Lys i alle glas har vore eit busettingsprosjekt der 12 kommunar i Buskerud har samarbeida, inklusive kommunane i Hallingdal. Utgangspunktet for prosjektet var m.a. at fleire av kommunane i Hallingdal, Numedal og Midt-Buskerud hadde nedgang i folketalet, samstundes som det var ei oppfatning at mange gardsbruk utan fast busetting, var ein ressurs med tanke på tilflytting. Målsettinga var å medverke til at flest mogeleg fråflytta bruk fekk fast busetnad, og at fleirparten av tilflyttarane fekk seg arbeid i regionen eller hadde med seg sin eigen arbeidsplass.

Prosjektet hadde ein prosjektperiode på 5 år, 2007 – 2011. Men både i 2012 og 2013 var det aktivitetar som vart vidareført, samstundes som kommunane overtek grunnlagsmateriale og vidareførar intensjonane for prosjektet.

Lys i alle glas registrerte 780 bruk utan fast bersetning i dei 12 kommunane. Målet var å få fast bersetning på 100 bruk innan utgangen av 2011. I 1 løpet av prosjektperioden skjedde ei endring i eigarforhold eller utleige på 183 av dei registrerte brukna. På 96 av dei 183 brukna med endring er det sikker bersetning. Det har skjedd 124 eigedomsoverdragningar.

Sluttrapport kan lastast ned [her](#).



5.14 Inn på Tunet

Inn på tunet er tilrettelagte kvalitetssikra tenestetilbod på gardsbruk. Tilboda skal gi grunnlag for mestring, utvikling og trivsel. Aktivitetane er knytt opp til garden, livet eller arbeidet der.

Målsettinga med IPT er primært å bidra positivt til helse, utvikling og trivsel for den enkelte brukar.

Tilboda bygger på samarbeid med oppvekst-, utdannings-, helse-, eller sosialsektoren, og omfattar aktivitetar med utgangspunkt i både garden og bonden sine ressursar.



Inn på tunet-løftet vart vedteken som ei eigen satsing i jordbruksavtala for 2010. Inn på tunet-løftet er ei treårig satsing som skal:

- Styrke kommunane sin kapasitet og kompetanse til å drive tverrsektorielt utviklingsarbeid innanfor dette området.
- Bevisstgjera kommunane på tenester innanfor grøn omsorg, grønt arbeid og grøn læring
- Bidra til forankring av Inn på tunet i kommunale planer og strategiar.

Det er løyvd statlege midlar på kr. 800.000 til eit tre-årig prosjekt og alle kommunane i Hallingdal gjorde positive vedtak om å delta i ”Inn på tunet-løftet” for Hallingdal.

Frå 1.1.2011 er Marit Torsrud Nerol tilsett som prosjektleiar i 40% stilling.
Og det er oppretta ei eigen styringsgruppe for prosjektet.

Målet for det 3-årige prosjektet Inn på tunet løftet for Hallingdal er: Alle kommunane i Hallingdal skal bli med på å utvikle tverrsektorielle modellar for å prøve ut inn på tunet-tenester både i eigen kommune og mellom kommunane i Hallingdal.

Kommunane skal vurdere å bruke Inn på tunet- tenester som supplement og alternativ for å nå mål i sentrale og lokale styringsdokument, og til å gi betre læring og livskvalitet for ulike brukargrupper.

Det er i gang 10 Inn på tunet-tilbod i Hallingdal, og det er registrert 14 Inn på tunet-tilbydarar i Hallingdal. Prosjektet vil halde fram i 2014.

5.15 Samhandlingsreforma; Prosjekt lokalmedisinske tenester i Hallingdal

I 2013 har det vore ært høg aktivitet i samhandlingsprosjektet Hallingdal Lokalmedisinske Tjenester. Ved inngangen av året var prosjektleiar Reidar Aasheim (50 %) og Ellen Wibe (50 %) på plass.

5 av 6 kommunestyrer fikk orientering om prosjektplanane våren 2013, regionrådet vart oppdatert halvvegs i året og det vart sendt ut korte statusbrev kvar månad til alle involverte partar. Det er også utarbeida eigen nettside , www.hallinghelse.no, med oppdaterte framdriftsplanar, oversikt over arbeidsgruppene og mandat, samt små nyheter frå prosjektet. I oktober vart temaet Folkehelse satt på dagsorden i Hallingtinget. I tillegg har det vore arrangert brukarkonferanse og ei større konferanse knytt til psykiatri og rus.

Prosjektgruppa har hatt 6 møter og styringsgruppa har hatt eitt møte. Hovudaktivitetane har skjedd i dei fem ulike arbeidsgruppene som prosjektgruppa definerte i løpet av året.

Intermediær sengeavdeling

Forpliktande samarbeidsavtale om 10 intermediær sengeplasser knytt til Hallingdal Sjukestugu vart undertekna av alle kommunane og VVHF før årsslutt. Arbeidsgruppa, som arbeider med innhaldet, organisering m.m. knytt til dei nye plassane, har arbeidd jamt i 2013 og skal levere sine tilrådingar i april 2014. Parallelt pågår samarbeide med å avtaleregulere tenesteutvikling innanfor røntgentilbod, laboratorietilbod, tilsyn med.teknisk utstyr, matleveranse m.m.

Folkehelse / Felles folkehelsebase

På grunn av mangel på ressursar, vart det tidleg klart at det ikkje var realistisk å tilsetja felles kommuneoverlege og folkehelsekoordinator i 2014 jmf. tilråding frå forprosjektet.

Det vart derfor oppretta ei arbeidsgruppe for å sjå på alternative måtar å koma i gang med ein Felles Folkehelsebase. Gruppa skal koma med si tilråding i april 2014.

Kompetanse, Læring og mestring

Arbeidsgruppa som skulle jobbe med Kompetanse, Læring og mestring, var allereie i gang ved årsskifte. Deira oppgåver handlar om å sjå på kva Hallingdal skal tilby av kompetansehevande tiltak overfor tilsette samt lærings- og mestringeskurs overfor brukarar og deira pårørande. I juli vart prosjektleiar Sissel Hovland tilsett (60%).

Tilbod til demente med særlege behov

Ei arbeidsgruppe har arbeidd med å få oversikt over kva Hallingdal treng av skjerma plassar for utagerande demente og sjå på det samla kompetansebehovet i framtida. Gruppa skal legge fram sin rapport i april 2014.

Samhandling mellom BUP og kommunane

Ei annan arbeidsgruppe har sett på korleis kommunane og BUP kan samhandle betre for å løyse behov innan barne- og ungdomspsykiatrien. Gruppa har kome med sine tilrådingar.

Diabetesprosjekt

Dette prosjektet vart opprinnleig initiert via frisklivsentralane og seinare lagt inn under Hallingdal Lokalmedisinske tjenester. Tiltaket er retta mot diabetikarar eller brukara som står i fare for å utvikle diabetes. Kursrekka er ein prøveklut på interkommunalt samarbeid innan mestringstilbod som kommunane etter kvart må overta frå spesialisthelsetenesta for store kronikergruppar som kommunane skal ivareta ansvaret for innan 2016.

IKT – Telemedisin.

Hovudprosjektet hadde som mål å utvikle mogelegheit for å samarbeide med nye teknologiske løysingar. Alle kommunar i kommunehelsesamarbeidet i Vestre Viken og helseforetaket har i løpet av 2013 vore involvert i forarbeida til implementering av elektronisk meldingssystem PLO. Dette systemet er implementert og i drift i løpet av 1. kvartal 2014.

5.16 Vannområde Hallingdal

EU sitt rammedirektiv for vatn vart implementert i Norge gjennom den nye vassforskrifta som trådde i kraft 1.1.2007. Vassforskrifta gir overordna mål og føringar for å sikre god miljøtilstand, der forvaltningsplanar med tiltaksprogram skal vera vedteken i 2015 og måla skal vera nådd innan 2021. Vassforskrifta er heimla i forureiningslova, plan- og bygningslova og vassressurslova. Det nye er m.a. er ei heilskapleg vassforvaltning og at nedbørfelt er forvaltingseining, og ikkje administrative grenser.



Det er gjort ei nasjonal inndeling av vassregionar (VRN), der Hallingdal høyrer til Vest-Viken vassregion, som er ei administrativ eining. Vest-Viken er delt inn i 18 vassområde, der Hallingdal inklusive Krødsherad er definert som Hallingdal vannområde.

Vassområdet har no kome fram til ei analyse som seier noko om korleis tilstanden i vatnet i Hallingdal er, påverknadar og kva tiltak som må gjennomførast for enten å oppretthalde eller forbetre tilstanden. Målet er at alt vatn skal ha god økologisk tilstand og ikkje vera forureina med farlege, kjemiske stoff og tungmetall. Omgrepet god økologisk tilstand seier noko om kor stort avvik frå naturtilstanden me kan godta – dette avviket er tilpassa forskjellige type vatn.

I Hallingdal er det mykje reint og godt vatn. Det er noko forureining frå landbruk i enkelte områder, enkelte problem med reinseanlegg i nokre få områder og noko større avrenning frå spreidd avløp – spesielt i hytteområder. Den største belastninga på vatnet i Hallingdal er vasskraft.

I perioden frem mot 2021, som er tidspunktet for å nå måla etter vassforskrifta, må kommunane i Hallingdal gjera tiltak innanfor landbruk og ha fokus på opprydding i spreidd avløp. I tillegg vil arbeid med miljøtiltak i regulerte vassdrag og revisjonar av konsesjonar vera viktig.

Det blir viktig at kommunane vurdera kva nye inngrep eller utbygging vil ha å si for vassmiljøet i Hallingdal.

5.17 Bjørneparken Rovdyrsenter

Regionrådet for Hallingdal løyvde i 2010 kr. 400.000 til forprosjekt for Rovdyrsenter i Vassfaret Bjørnepark, og har seinare delteke aktivt for realisering av rovdyrsenteret.

Bjørneparken Rovdyrsenter skal vera ein fagleg, sakleg, nøytral og heilskapleg kunnskapsarena og ein læringsstad om dei fire store rovdyra i norsk natur – bjørn, ulv, jerv og

gaupe. Ei viktig målsetting for senteret er å bidra til å skapa større forståing mellom partane i rovdyrdebatten og rovviltet sin rolle i norsk natur.

Bjørneparken Rovdyrsenter vart offisielt autorisert som eit nasjonalt rovviltsenter i november 2012 og fyrste spadetak vart teke 5.9.2013 og opning er planlagt mai 2014.



5.18 Felles rettssenter og forliksråd for Hallingdal

Regionrådet for Hallingdal har engasjert seg i eit arbeidd for å sjå på mogelegheitene for å etablere eit felles rettssenter for Hallingdal, der det og blir lokalisert eit felles forliksråd.

Nærare avklaringar er venta at vil skje i løpet av 2014.

5.19 Uttalar

Regionrådet har gjeve uttale til følgjande saker i 2013:

- Sak 19/13 Uttale; Buskerud fylkeskommune, Handlingsprogram for kollektivtransport 2014-2017
- Sak 27/13 Uttale; Tannhelsetjenesten i Buskerud FKF, Klinikksstrukturplan 2013 - 2023
- Sak 34-13 Uttale; Handlingsprogram fylkesvegar 2014-2017

- Sak 35-13; Uttale; Planprogram for regional plan for verdiskapning og næringsutvikling
- Sak 42/13 Uttale; Jernbaneverket sitt forslag til handlingsprogram for 2014 – 2023
- Sak 43/13 Uttale; Statens vegvesen sitt handlingsprogram for 2014 – 2017

Hallingtinget har gjeve uttale til følgjande saker i 2012:

- Sak 04-13 Uttale; Nasjonal Transportplan 2014 – 2023

6. VERV

Oversikt over div. verv der medlemmer fra Regionrådet er representert:

- Representant til styre for Hallingdal Næringshage: Ivar Breivik.
- Representant til styre Forum Nye Bergensbanen: Tony Kjøll.
- Representant i Hallingdal Ungdomsråd: Tony Kjøl.
- Representant til styringsgruppa for prosjektet «Velkommen til oss»: Tor Magnussen.
- Representantar til styringsgruppa for prosjektet Hallingdal Lokalmedisinske Senter: alle ordførarane
- Fagrådet i Hallingdal Etablerersenter: Tor Magnussen.
- Representantar Fjellregionsamarbeidet:
 - o Ivar Breivik, vara Tony Kjøll
 - o Oddvar Grøthe, vara Tor Egil Buøen
- Rådet for SLT-Hallingdal (kriminalitetsførebyggande tiltak)
 - o ordførar i Flå, Tor Egil Buøen
 - o kommunestyrerepresentant Nes, Gerd Eli Berge
- Felles observatør for kommunene i Hallingdal, til Hallingporten Vegfinans: Tor Egil Buøen, vara Tor Magnussen.
- IS Rv7: styremedlem Tor Egil Buøen
Sekretariatsfunksjon: Knut Arne Gurigard
- Samarbeidsgruppe E16 Skaret – Hønefoss: Knut Arne Gurigard
- Fylkesmannen i Buskerud; «Modernisering og omstilling i kommunene»: Oddvar Grøthe og Odd Egil Stavn
- Utviklingsforum Buskerud fylkeskommune: Oddvar Grøthe
- Overordna samarbeidsutval (OSU) for kommunehelsesamarbeidet Vestre Viken: Odd Egil Stavn.
- Representant til styre for Hallingdal Folkehøgskule, Hallvor Lilleslett

7. PERSONELL

Personell knytt til regionrådskontoret pr. 31.12.2013:

- Knut Arne Gurigard, dagleg leiar
- Målfrid Dusegard, sekretær
- Halgrim Merødningen, IKT-koordinator for kommunane i Hallingdal
- Ulrikke Ytteborg, prosjektleiar Hallingdal 2020
- Marit Nerol, prosjektleiar Inn på Tunet, 40% stilling
- Ellen Stabbursvik, prosjektleiar vannområde Hallingdal og Valdres, samla 100% stilling
- Ellen Wibe, prosjektleiar lokalmedisinske tenester, 50% stilling
- Sissel Hovland prosjektleiar lokalmedisinske tenester, 60% stilling

8. ØKONOMI

Driftsrekneskapen syner eit rekneskapsmessig underskot på kr. 15.512,74.

Det var budsjettet med totale driftsutgifter på kr. 2.024.000 og inntekter på kr. 2.024.000, inklusive kr. 479.000 i eigeninnsats på prosjekt.

Av større budsjettmessige avvik:

- Bevertning og reise
- Noko mindre eigeninnsats på prosjekt enn budsjettet.

Disposisjonsfond var 31.12.2013 på kr. 992 769,18

Underskotet er teke frå bundne fond Strategisk plan, men er i forslag til vedtak foreslått teke frå disposisjonsfond. Med eit slikt vedtak vil disposisjonsfondet vera på kr. 977 256,44. Dette er på det nærmeste i tråd med Hallingtinget si tilråding om at Regionrådet sitt disposisjonsfond minimum skal vera kr. 1.000.000 ved starten av året.

9. UTFORDRINGAR

Samfunnsutviklinga i Norge er prega av fleire tunge trendar som kan oppsumerast slik:

- Urbanisering og sentralisering
- Internasjonal, nasjonal og regional lokaliseringskonkurranse
- Internasjonalisering og globalisering av marknadar og næringar
- Kunnskapsbasert og innovasjonsdriven næringsutvikling
- Individualisering og sjølvrealisering
- Digitalisering av produkt, tenester og kommunikasjonsformer

Urbanisering og sentralisering fører til at folk blir trekt mot store byar og at store institusjonar blir slått saman og blir samlokalisert. Internasjonalisering og globalisering fører til at marknadane blir større og rykker nærmare. Samtidig blir konkurransen hardare, ikkje berre i produktmarknadane, men også i konkurransen om å tiltrekke seg kompetanse, bedrifter og kapital. Sagt på ein annan måte leiar globalisering til stadig større lokaliseringskonkurranse.

I denne verkelegheita står Hallingdal, som dei fleste distriktsregionar, overfor nokre utfordringar, både når det gjeld befolkningsutvikling, næringsstruktur, arbeidsplass-/sysselsettingsutvikling og avstandsulemper.

Kvar år er det ein flyttestraum ut av Hallingdal, spesielt prega av unge menneske som flytter til byar som Oslo eller Bergen, for å studere. Dei fleste kjem ikkje attende. Som for dei fleste distriktsregionar er det innvandring som gjev Hallingdal ei viss positiv befolkningsutvikling.

Sjølv om Hallingdal fram til no har vore skåna for dei store dramatiske endringane som kjenneteiknar typiske uttynningskommunar, er det fleire varsellamper som må takast på alvor. Det er mange trusselbilete t.d. utflytting og mangel på arbeidskraft og ei sterkt pressa reiselivsnæring. For distrikta og spesielt for ein reiselivsregion som Hallingdal vil det vera naudsynt med eit godt utbygd kommunikasjonsnett.

Hallingdal har som dei fleste regionar sterke sider som gjer eller kan utviklast til konkurransefortrinn. På same måte er det svake sider som kan vera ulemper og som gjev utfordringar. Regional utvikling handlar om å skape levedyktige og attraktive lokalsamfunn,

kommunar og regionar. Det må være arbeidsplassar, infrastruktur, skuletilbod, fritids- og kulturtildel med variasjon, mangfold og god kvalitet slik at folk vel regionen, kommunen eller lokalsamfunnet som sin livsarena.

Nokre av hovudutfordringane for Hallingdal kan oppsummerast slik:

- Behalde levande lokalsamfunn
- Oppretthalde folketalet med balanse i alderssamsetning og kjønnsfordeling.
- Å legge til rette for omstilling, nyskaping og kreativitet.
- Å synleggjera Hallingdal sine mogelegheiter og behov overfor sentrale styresmakter.
- Å ta vare på det beste i Hallingdal sin kultur og tradisjon.
- Å styrke samarbeidet og bygge nettverk internt og eksternt.
- Å auke kompetansenivået.
- Sikre god kommunikasjon

Strategisk plan for Hallingdal vil ta tak i desse utfordringane og har prøvd å setja fokus på omsyn til bulyt/blilyst, arbeidsmarknad, kunnskapsmiljø og næringsliv.
Hallingdal sin attraktivitet som buområde og for næringslokalisering skal styrkast.

Ungdommen er den viktigaste ressursen i det framtidige Hallingdal. Me treng ungdom som kan og vil omstille og nyskape ut frå eigen kompetanse og ut frå lokale ressursar og behov. Regionen må arbeide aktivt for å gje ungdommen innsikt og tru på ei framtid i Hallingdal. I denne samanheng er fleire av tiltaka i strategisk plan viktige verktøy. Hallingdal Etablerersenter og Hallingdal Næringshage er døme på aktive medspelarar i dette arbeidet.

Profilering av Hallingdal som ein samla region vil kunne få stor verdi i framtida. Også i næringslivssamanhang, ikkje minst innan reiselivet vil dette ha mykje å seia. Overfor fylke og stat og ulike vesen og etatar vil det i mange samanhengar vera ei styrkje å opptre som ein samla region. For at det regionale samarbeidet skal lykkast er det behov for dialog, betre informasjon og synleggjering av kva Regionrådet arbeidar med, både i forhold til det politiske miljøet og Hallingdal generelt.

For å lykkast er det nødvendig med godt samarbeid på alle nivå i tillegg til gode alliansepartnarar.

Viktige saker i 2014 er m.a:

- Oppfølging/gjennomføring Strategisk plan for Hallingdal.
- Regional organisering, vidareutvikling av det interkommunale samarbeidet
- Nasjonal Transportplan (2014-2023) med dei konkrete prosjekt som er viktige for Hallingdal
- Oppfølging av arbeidet med regional planstrategi for Buskerud fylkeskommune
- Oppfølging av reiselivsstrategi for Buskerud
- Gjennomføring av partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune
- Hallingdal 2020
- Rekruttering og kompetanseheving
- Følgje opp utfordringar i forhold til næringslivet i Hallingdal.
- Samhandlingsreforma
- Kommunestruktur

Ål 27.4.2013